

## Lokalt samarbeidsutval Volda Helsefelleskap Møre og Romsdal

---

Volda 19.09.2022

Til

Høgskulen i Volda  
NTNU Ålesund  
Høgskulen i Molde

Helsefelleskapet ved Lokalt samarbeidsutval i Volda har ved fleire høve drøfta framtidige utfordringar kring rekruttering og utdanning av helsepersonell. Rekruttering av helsepersonell er avgjerande for at både sjukehusa og kommunane kan tilby helsehjelp og omsorgstenester i tida som kjem.

I Møre og Romsdal er det behov for fleire sjukepleiarar og vernepleiarar i både spesialisthelsetenesta og i kommunane. Vi trur at dersom fleire av høgskulane la til rette for desentraliserte utdanningstilbod innan desse faga, kan det medverke til å styrke rekruttering til desse yrka. Rekruttering til yrka kan gjerast gjennom attraktive utdanningstilbod for ungdom og vaksne i distrikta.

LSU-Volda handsama 10/6-22 i sak 15/22 Mål – strategi – visjon – retning. Her peikar utvalet på rekruttering og kompetansebygging som eit av dei prioriterte samhandlingsområda for søre Sunnmøre og Møre og Romsdal.

**LSU-Volda vedtok å sende brev til høgskulane i Møre og Romsdal om dette, og be om at det vert lagt til rette for desentralisert utdanning lagt til Volda, for både sjukepleiar- og vernepleiarutdanning.**

Ber difor om at dette vert teke med når høgskulen skal planlegge framtidige studietilbod.

Send gjerne ei tilbakemelding om korleis høgskulen kan legge til rette for ei slik satsing.

Med helsing

Oddvar Marøy  
samhandlingskoordinator i helsefelleskapet  
Helse og omsorg

tlf. sentralbord: 70058700

tlf. mobil: 91851882